



Ål Utvikling AS
Boks 35, 3571 Ål
Tlf. 32 08 43 60
post@alutvikling.no
www.al.no
Org.nr.: 980 405 249
Besøksadr.: Myren 40, Ål Kulturhus
Fakturaadr.: invoice.527804@vismabpo.no

Om Ål Utvikling AS

Pr. 1.9.16.

Visjon: **Draumekommunen Ål, der alle vil vera !**

Mål: **Styrke næringslivet.**
Auke turismen, både varme/kalde senger og hytteturismen.
Gjere Ål til ein betre kommune å bu, arbeide og feriere i.

Hovudmålgrupper: Hytteålingen / Besøkjande på arrangement og treningssamlingar / Familiar / Enkelt-turistar.

Forretningside: Være eit samarbeidsorgan med målsetting om å synleggjere og fremje kvalitetane i Ål-samfunnet.

Profil: Marknadsføringa av Ål skal gjerast ved bruk av namnet **Ål i Hallingdal** samt Ål sin logo/profil, gjerne supplert med Hallingdal sin nye logo.

Viktigaste produkt: **Friluftsliv:** Ski / Vandring / Sykling.
Kulturopplevingar/kulturskattar.

Viktigast internasjonalt: Overnatting hytter/camping: Danmark, Nederland/Belgia og Tyskland. Overnatting hotell: Asia / Danmark.



Ål Utvikling AS – delmål

- ❖ Bidra til auka bruk av hyttene i Ål og at hyttefolket i størst mogleg grad nyttar seg av dei tilboda Ål har. Jobbe for at Ål framleis blir oppfatta som ei attraktiv kommune å bygge hytte i. Dette bl.a. gjennom prosjektet HytteArena Ål.
- ❖ Marknadsføre Ål som destinasjon.
- ❖ Utvikle Ål ytterlegare som ein attraktiv ski- vandre- og sykkel-destinasjon. Dette bl.a. ved å delta i Hallingdal sitt langrennsprosjekt, Tråkk'n Roll Hallingdal og ved å drive prosjektet Tråkk'n Roll Ål og vandreproduktet ÅI52
- ❖ Vidareutvikle nettsidene www.al.no og tilpasse den til alle plattformer.
- ❖ Vere ein sentrale aktør og pådrivar i saker som næringslivet er oppteken av, og være ein representant for næringslivet i relevante utviklingsprosjekt i Ål.
- ❖ Bistå med planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av arrangement. I liten grad være arrangør.
- ❖ Drifte nettsida www.aal52.no samt facebookside Ål i Hallingdal og Instagramkontoen Ål Turistinformasjon.
- ❖ Bidra til auke i antal gjestedøgn i Ål bl.a. gjennom prosjektet ARENA ÅL, reiselivet sin satsing på treningsgrupper og arrangement.
- ❖ Vere ein felles organisasjon for næringslivet i Ål og bidra til auka informasjon, kompetanse og verdiskaping i næringslivet.
- ❖ Vere ein høyringsinstans for best mogleg å bidra til å ivareta næringslivet sine interesser opp imot kommunale planer m.m.
- ❖ Vere "brubyggjar" og aktiv pådrivar i samarbeidet mellom aktørar i næringslivet, og mellom næringslivet og offentlig sektor.
- ❖ Bidra til att Ål er ei attraktiv kommune å flytte til/ flytte heimatt til.
- ❖ Oppretthalde og vidareutvikle skiløypenettet i Ål.

Ål Utvikling AS - fakta

- Ål Utvikling AS er destinasjonsselskapet og næringssselskapet for Ål.
- Selskapet er eigd av ca. 160 aksjonærar frå ulike bransjar i næringslivet i Ål. I tillegg er kommunen ein betydeleg aksjonær. Aksjonærane er presentert på Ål sin nettside www.al.no samt på pdf-oversikt du kan sjå [her](#).
- Næringsdrivande, bønder, lag/organisasjonar og andre som er interesserte i å utvikle Ål-samfunnet og vil bidra til fellesskapet er velkomen som aksjonær.
- Kvar aksjonær betalar eit årleg marknadstilskott ut frå bransje og omsetning. Deltaking i temakampanjar og enkeltprosjekt kan kome i tillegg om ynskjeleg. Inngangsbilletten er å kjøpe min. 1 aksje pålydande kr. 1.000,-.
- Selskapet har kontor i Ål kulturhus og har tre fast tilsette, Kari Grete Kleivstøl, Linda Dalene Bjerke og Ann Holm. Totalt 2,6 årsverk. I tillegg kjem sommarvikar.
- Ål Utvikling AS driv Ål Turistinformasjon og Ål Booking. Selskapet marknadsfører Ål på ulike vis i inn- og utland og driv Ål sin offisielle nettstad www.al.no samt turportalen www.aal52.no. Selskapet driv og *Ål i Hallingdal* på FB og Instagramkonto.
- Selskapet jobbar med marknadsføring, tilrettelegging og produktutvikling i lag med sine samarbeidspartnarar og knytt til dei tilbod som Ål-samfunnet. Dette for å styrke næringslivet, og aksjonærane spesielt. Også for å gjere Ål til ein endå betre kommune å bu og arbeide i, feriere i, og å være hytteeigar i.
- Det blir og jobba med ulike næringsutviklingstiltak i Ål. Det ofte i samarbeid med andre aktørar, og som ein koordinator vedr. planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av arrangement og aktivitetar. T.d. Ål-dagen.
- Styret er fem personar frå ulike bransjar. I 2016-2017 er desse med i styret: Gunnar Gunhildgard, styreleiar (handel), Kåre Berg (reiseliv), Anne Marie Kollhus (reiseliv), Erlend Medgard (øvrige nær.liv), Leif Gunnar Utgård (frå kommunen).
- Ål Utvikling AS har ikkje erverv som formål, men nyttar alle disponible midlar til marknadstiltak og aktivitetar som gagnar Ål-samfunnet / aksjonærane/ innbyggjarane / hyttefolket / tilreisande.
- Selskapet budsjett i 2016 er på ca. kr. 3.000.000. Inntektene er tilskot frå Ål kommune (ca. 52%), marknadstilskott frå aksjonærane, div. prosjektinntekter samt sal/provisjon.
- Ål Utvikling AS arbeider i tråd med eigne vedtekter samt overordna planer i kommunen, t.d. profil- og omdømeplan, kulturplan og strategisk næringsplan.